

Så nytt sjansen, fjellvandrere. Prøv de nye turistrutene i sommer. Litt forandring skader aldri, særlig om du har prøvd det meste i sørlige delen av Trollheimen. Traktene mellom Rindal og Folldalen er vel verdt å få med seg, en svært fin del av Trollheimen er dette, men dessverre har den vært noe "avglemt" de siste tiårene. De to nye rutene gir den forhåpentligvis den oppmerksomhet den fortjener — på nytt.

Rindalingene har lovet å markere den offisielle åpningen av de to rutene. Det er antydet en skikkelig underholdningsdag på Trollheimshytta når åpningen skjer, så følg med!

Stokklegging av myr

Av CARL S. BJURSTEDT

Dei seinaste tre-fire åra har Trondhjems Turistforening stokklagt stigane over dei blautaste myrpartia i Sylan. Ei lengre strekning er stokklagt, fjellvandraren vil finne dei stokklagte strekningane på desse rutene: Storerikvollen - Nedalshytta og Storerikvollen - Blåhammarstugan, og på ruta Nedalen - Storsylen/Storerikvollen og ut frå Nedalshytta mot Ekorrdörren. (Sjå kart.)


For å sikre at stokklegginga varer nokre år og ligg stabilt, har ein satsa på ein konstruksjon som er litt meir avansert enn berre nokre stokkar i myra. (Sjå teikning.) Med ein meter mellomrom er det slått ned to stokkar ned til fast grunn, desse er bundne saman med eit tverrtre på toppen. (Dette kan vera erstatta med ein stor stein.) Mellom desse "brukara" er spikra fast to parallelle plankar. Gangbanen vert på det viset om lag ein halv meter brei.

Stokklegging har lenge vore kjent frå svenske turistløyper, og òg frå Noreg, men då heller i blaute parti langs gamle ferdslivegar. Etter turistløyper her i landet har det vore lite brukta, sjølv om det har vore gjort i einskilde strok nær byar. Årsakene kan vere fleire. Eg vil her peike på to.

For det første er dette sjølvsagt ein etter måten kostbar og arbeidsam måte å leggja løypene til rette på. På tronge budsjett i turistforeiningane har ein prioritert andre tiltak, dels dei som går på tryggleik, som varding og merking eller å bygge bruver over elvar som kan vera vanskelege å vasste, dels å opne nye område for fjellvandraren.

For det andre, og kan hende vel så viktig, er at norsk tradisjon i friluftsliv har vore eit minimum av fysisk tilrettelegging, i alle høve utanom nærturområda. Turistforeiningane har vore av dei fremste eksponentane for denne lina, og "fjellfolket" har slutta opp om denne. Undersøkingar viser da òg at fjellvandrarar stort sett har ynskt og stadig ynskjer ei låg grad av tilrettelegging, sjølv om kravet til komfort på hyttene er stigande.

Norske fjellvandrarar har jamt sett med skepsis på tiltak som svenskane si vintermerking, skal ein tru meir og mindre spydige artiklar i norske friluftsblad og kommentarar mellom norske fjellfolk.



Langs stiane ved Storerikvollen er stokklegginga fullført, mens stiane ved Nedalshytta står for tur.

Denne merkinga er tette rettlinia rekkjer av permanente stakar med rauda andreaskors, dels laga av naturframandt materiale (aluminium). Stakinga til TT i Sylan har òg vorte kritisert, sjølv om utforminga her er meir diskret og "naturheimleg" (impregnerte trestakar, som ikkje er sett i rette liner) enn den svenska varianten. Ein kan merke seg at Sylan er det einaste fjellområdet i Noreg der ei turistforeining har permanent staka vinterrutar - elles vert kvisting bruks. Dette viser kor tilbakehaldne turistforeiningane har vore med tiltak utover dei tradisjonelle - bygging av hytter, varding og rydding av stigar og bruer over elvar som er vanskelege å va.

I dei seinare åra har det vore ei viss endring i haldning hos dei som forvaltar friluftsområda våre. Medan ein tidlegare har rekna med at "minst mogleg inngrep" frå forvaltinga (turistforeiningar inklusive) gir "størst mogleg oppleving av villmark" for den einskilde brukar, er ein no ikkje lenger så sikker på om dette alltid er rett.

Likeins har ein ei utvikling frå liten differensiering av korleis ein legg til rette i forskjellige område etter bruk, mot større differensiering.

Eg vil gje eit konkret eksempel som viser kva som kan verte aktuelt og kvifor: Kva ville ha gitt den største opplevinga av villmark i eit mykje brukta "villmarksområde" som nedre del av Røavassdraget (Femundmarka)?

- Dagens tilhøve med ein bålpllass bak kvar busk og ein vegetasjon som er tydeleg merkt av slitasje og vedgang?
- Eller alternativet - eit strengt forbod mot å tenne bål, faste leirstader der marka toler mest, og elles ein natur som ikkje har dei "forslummingstrekk" vi kan sjå der no?


Kan hende må brukarane i ein del område tolke meir tilrettelegging for at naturen rundt dei ikkje skal bli alt for merka av ferdsla deira?

I denne samanhengen kan det vera interessant å sjå på tilhøva i USA. Her er det stor differensiering etter kva slag bruk og kva slag publikum eit naturområde er lagt til rette for. I nokre villmarkområde vert ikkje stigane merkte, dei vert haldne ved like. Varding og staking ser ein på som uakseptable inngrep i villmarka. Ein satsar på at stigen i seg sjølv er merking god nok. Av omsyn til slitasje ved tråkk utanom stigane vert det oppfordra til ikkje å trakke utanom. Vandrarane viser stor disciplin og følgjer i stor grad stigen, også der det hadde vore enklare å gange til sides.


På den andre enden av skalaen har ein naturområde med stor trafikk, der stigane kan vera asfaltert (eller folk kan ferdast med bil!) og ein finn ein sterk grad av utbygging av overnatningsstader med høg standard, campingplassar med alle moderne servicetilbod, parkeringsplassar, rastepllassar, bålpllassar o.s.v. Det er ofte forbode å gange utanom stigane, gjere opp bål utanom faste plassar og liknande - for å hindre slitasje på naturen.

Ein kan gange ut frå at fjellvandrarane har endra haldning til komfort og service på hyttene i høve til tidlegare. (Dette kan ein gjere ut frå at ein veit folk stort sett er positive til den standardhevinga som er gjort, undersøkingar viser at mange ville ha valt dobbeltrom framfor større om det var mogleg. Dusj på hyttene vert stadig meir etterspurde.)

Det er meir usikkert om det har vore ei endring i haldninga til tilrettelegging undervegs. Undersøkingar som er gjort dei siste åra viser at dei fleste meiner dagens nivå er høveleg. Det er nokre fleire som ynskjer meir tilrettelegging enn dei som ynskjer mindre. Eg



Stokklegginga er grundig gjort, solid fundamentert og dimensjonert.



*Slik tar det seg ut i terrenget. Bildet er tatt ved Storerikvollen.
ERIK STABELL*

kjenner ikkje til undersøkingar som seier noko om haldningane tildelegare.

Ein kan ha ein mistanke om at folk i dag har høgare krav til, eller aksepterer større grad av, tilrettelegging undervegs. Det faktum at det ikkje har kome negative reaksjonar på stokklegginga i Sylan peiker i den leia. For ti - femten år sidan ville nok dette vekt sterke negative reaksjonar hjå ein del fjellvandrarar.

Det er vurderingar ut frå eit venta ynske om meir tilrettelegging som ligg bak dei vedtak som TT har gjort om å stokklegge stigane over myrane i Sylan. Ein har hatt ei kjensle av at ryktet om Sylan som ei endelaus samling myrhol har skremd vekk ein del som ville ha hatt glede av å bruke området. Kan hende har betra privatøkonomi dei seinare åra ført til at fleire og fleire har bytt ut rimelege gummistøvlar med dyrare fjellstøvlar av lær? Dette kan ha ført til ein lågare grad av toleranse for myr.

Stokklegginga har og ei miljøvernmessig side (sjølv om den nok ikkje har vore så viktig for vurderingane til TT i denne saka).

Alle veit kva ein gjer når stigen er ei opptrakka gjørmeagrøft gjennom myra - ein går ved sida av. Når nokre har gjort dette, vert

det opptrakka området breiare, nye vandrarar går enda lenger ut, og etter kvart er myra trakka sund over eit mange meter breitt belte. Som dei fleste veit, gror sår i ei myr langsamt att, og slett ikkje når dei stadig vert haldne opne.

Problemet er dels at dei sundtrakka myrane reduserer naturopplevinga til folk og òg har verknad for "vandrekomforten". Men det har i tillegg ei meir direkte naturvernside - ein kan få erosjonskader av vatn som renn i stigane, og der trafikken er stor, kan så store område bli råka at rike plantelokalitetar kan bli heilt øydelagde.

Etter mi mening er denne miljøsida ein side turistforeiningane må leggje større vekt på når det gjeld både traseaval for og opparbeiding av løyper. Likeins må turistforeiningane tenkje meir på differensiering av tilrettelegginga mellom ulike område. Her er samlinga i "nye DNT" ei stor føremon.

Dei som har undra seg på om TT no har store planar i retning av å gjera stignettet gangbart i spasersko, kan kjenne seg trygge, i alle høve på det neverande styret. Dei strekningane det er aktuelt å stokklegge i Sylan, er no stort sett stokk- lagte. Ein skal gjera noko supplerande arbeid til sommaren. Det kan vere aktuelt å stokklegge nokre strekningar i Trollheimen ut frå miljøomsyn, t.d. over myrane i Folldalen, men ytterlegare planar finst ikkje.

Desse har vore med og køyrt ut stokkar og andre materialar i fjellet om vinteren:

Vognførarar:

Kapt. Peder Flakne, kapt. Odd Johnsen, kapt. Gunnar Myhre, lt. Eilif Overvik.

Mannskap:

Bjørn Dyrdahl, Harald S. Jensen, Jomar Jystad, Svein Nordbeck, Steinar Nygård, Roar Rønning, Ivar Wold.

Desse har vore med på stokklegginga sumars tid:

Karl H. Brox, Magne Flack, John Hembre, Otto Larsen, Ivar Lehn, Johan Moxness, Kjell Nielsen, Arnfinn Næsbø, Thor Risan, Odd Stavrum, William Sæther, Erling Østgård, Arne Øwre.

Ruteinspektørane Rolf Høyem og Leif Johansen har leia arbeidet.

Ein har rekna ut at totalt er det lagt ned om lag 1.200 timer med dugnadsarbeid til no. Ein takk til alle dykk som har vore med!

Angrep av fjellbjørkemåler

Av DAGFINN REFSETH

Folk som har ferdes i både Sylene og Trollheimen de senere årene har trolig lagt merke til at bjørkeskogen over store områder ikke har vært friskt grønn, men brun og visse. Dette var bl.a. tilfelle i Jøldalen sommeren 1987 og samme sommer også langs stien fra Sankåvika innover mot Storerikvollen. Mange har stilt spørsmål ved som skogen er angrepet av forurensning og iferd med å dø, men forklaringen er heldigvis mer naturlig enn som så.

Enkelte år vil fjellvandrere ha lagt merke til at man etter en tur igjennom bjørkekrattet har fått med seg «blindpassasjerer» i form av små, grønne larver som kravler rundt på klærne. Tar man seg tid til å studere bjørkene på nært hold, vil man gjerne finne store mengder av disse larvene. Bjørkebladene kan da være mer eller mindre oppspiste — ofte er det bare brune rester igjen, gjerne omspunnet av fine silketråder.

I de fleste tilfeller vil det da dreie seg om larvene av fjellbjørkemåleren, en sommerfugl som tilhører målerfamilien. Familien har fått navn etter larvenes noe merkelige måte å bevege seg på, som igjen skyldes plasseringen av føttene. Larvene har tre par føtter (brystføtter) foran og to par (vorteføtter) bak. De strekker kroppen fremover, tar tak med brystføttene, trekker kroppen etter og fester vorteføttene like bak brystføttene. På denne måten «måler» de seg frem på underlaget.

Larvene har en glupende appetitt og kan til tider gjøre stor skade på fjellbjørkeskogen. Andre målerarter, slik som den lille frostmåleren, er fryktet som skadedyr på frukttrær. Men også denne arten kan være vanlig på bjørk, ofte sammen med fjellbjørkemåleren. Det er imidlertid lett å se forskjell på larvene, selv om grunnfargen hos begge artene er grønn: fjellbjørkemålerens larver har grønt hode og gule striper langs kroppen, mens frostmålerens larver har svart hode og svarte lengdestriper.

De voksne fjellbjørkemålerne har en uanselig gråbrun farge og kan være vanskelige å skille fra andre arter. De flyr om høsten, noe som